

VR-sak 37/2018: Uttale om Statsbudsjettet for 2019

1 Innleiing

Vestlandsfylka har mange fellestrekk og tiltak og løyvingar i statsbudsjettet kan gjelde for alle fire fylka. Men fylka har og sine genuine særtrekk, og dette kan medføre at det er ulike interesser knytta til statsbudsjettet. Difor er det ei utfordring å skulle lage eit utkast til felles uttale om statsbudsjettet.

Alle fylka i Vestlandsrådet har no drøfta mulege konsekvensar av statsbudsjettet for 2019 i fylkesutval eller andre organ, og det er i samband med dette utarbeidd notat el.l. som grunnlag for dei politiske drøftingane. Noko av dette materialet, det som er sendt meg frå fylkeskontaktane, er teke inn nedanfor.

Det er imidlertid slik at det i alle vestlandsfylka er utarbeidd eit stort grunnlagsmateriale når det gjeld fylkekommunane sin økonomi. Saker om dette har vore behandla i politiske organ, og kunnskapen som dette inneber tilseier at Vestlandsrådet bør kunne samle seg om dei viktigaste felles forventningane og krava til statsbudsjettet for 2019.

I Vestlandsrådets møte 1. november blir det difor lagt opp til ein politisk diskusjon, slik at essensen i det som kjem fram som «fellesgods» kan bli bli nedfelt i ein uttale som sendast sentrale styresmakter frå Vestlandsrådet som organ.

2 Innspel frå dei enkelte fylka

2.1 Frå Møre og Romsdal:

Uttale til statsbudsjettet frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til vurderingar frå fagavdelingane (lagt ved saka i fylkesutvalet 15. oktober, sak U-89/18) og politiske innspel gitt av fylkesutvalet, og legg fram følgande forslag til uttale til statsbudsjettet frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er svært nøgd med at det blir løyvd midlar til nytt opera- og kulturbygg i Kristiansund

Operaen i Kristiansund og Nordmøre museum har eit stekt behov for tidsriktige og framtidsretta lokaliteter. Prosjektet vil vere viktig for å styrke utviklingsvilkåra for dei to institusjonane og vidareutvikle Kristiansund som eit kulturelt senter i regionen. Prosjektet vil også legge til rett for å sikre og utvikle viktige arbeidsplassar i regionen.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune krev ei betydeleg opptrapping av den statlege medfinansieringa for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesveg

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit berekna vedlikeholdsetterslep på fylkesvegnettet på om lag 6,2 mrd. kroner, dette veks om ein ikkje har nok midlar til å gjennomføre vedlikeholdstiltak. Vegdirektoratet har berekna behovet til drift og vedlikehold av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal fylkeskommune til å vere 740 (2018) mill. kroner. Møre og Romsdal fylkeskommune er av dei fylkeskommunane som nyttar størst del av sine inntekter på drift og vedlikehold. Likevel bruker vi 250 mill. kroner mindre enn behovet på drift- og vedlikehold.

3. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at tunnelsikkerheitsforskrifta blir fullfinansiert av staten

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått utsett frist til 2025 for oppfylling av krava som ligg i tunnelsikkerheitsforskrifta. Fylket har gjennomført tiltak i ein undersjøisk tunnel og er i ferd med å gjennomføre tiltak i ein til, kostnaden for desse to tunnelane er til saman på om lag 630 mill. kroner. Når desse to tunnelane oppfyller krava til tunnelsikkerheitsforskrifta vil vi framleis ha igjen om lag 25 tunnelar som er omfatta av forskrifta og med behov for tiltak til ein kostnad på 700 mill. kroner (usikkerheit på 30 %).

Sjølv om fylkeskommunen får tilført 51,3 mill. kroner for 2019, vil det ta minst 14 år før forskrifta er fullfinansiert, om ein ser bort frå dei to tunnelane nemnde ovanfor. Møre og Romsdal fylkeskommune vil ikkje greie å oppfylle kravet i forskrifta innan den fristen vi har fått.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune etterlyser korleis Stortinget sitt vedtak om låg -eller nullutslepp for ferjer og hurtigbåtar i fylkeskommunal regi skal realiserast og finansierast, og ber om at dei statlege støtteordningane til utslippsreducerande tiltak vert styrka

Av veksten i fylkeskommunane sine frie inntekter skal 100 millionar kroner verte gitt i ei særskilt fordeling til ferjefylka i 2018. Dette er vidareført og indeksregulert for 2019. For Møre og Romsdal fylkeskommune sin del utgjer dette om lag 15,5 mill. kroner. Dette dekkjer ikkje til dei auka kostnadene som følgje av krav til auka frekvens og kapasitet grunna trafikkutviklinga og til låg- og nullutslepp i nye ferjeandod.

Stortinget har bedt regjeringa sette i verk tiltak som «sikrer at alle fylkeskommunale og kommunale ferjer og hurtigbåtar benytter lav- eller nullutslippsteknologi ved nye andod og på ruter i egen regi.» (Anmodningsvedtak 1. desember 2015). Dette medfører høgare investeringskostnader for landanlegga (ladeutstyr og liknande) og ferjer. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar målsettingane om meir miljøvennlege løysingar, men vi stiller spørsmål om korleis dette skal finansierast. Med det store vedlikeholdsetterslepet på fylkesvegnettet og allereie store underskot i ferjedrifta, ser vi det som sær vanskeleg å ta kostnaden omlegging til ny teknologi medfører. Om staten ikkje tar ein større del av kostnadene, kan vi ikkje gå for miljøvennlege løysingar innan ferjedrifta. Det betyr framleis forureinande dieselferjer.

6. Møre og Romsdal fylkeskommune krev at overføringane til fylkeskommunal ferjedrift følgjer utviklinga til riksvegferjedrifta

Over tid har løyvingar til riksvegferjer auka klart meir enn overføringane til fylkeskommunal ferjedrift, og denne utviklinga held fram i forslaget til statsbudsjett for 2019. Denne forskjellsbehandlinga er ikkje akseptabel.

7. Innsatsen for skredsikring av fylkesveggar må halde fram også etter 2023

Møre og Romsdal er eit fylke med store utfordringar i forhold til skred, og fylkeskommunen er godt nøgd med ramma til skredsikring som ligg i handlingsprogrammet for NTP i perioden 2018-2023. Det er eit stadig aukande behov for skredsikring, og satsinga må halde fram også etter 2023.

8. Ålesundsregionen må inkluderast i byvekst-ordninga

Regjeringa og Stortinget sitt mål om at all vekst i persontransporten i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, er ambisiøse. Møre og Romsdal fylkeskommune har følgd opp med å vedtatt tilsvarande mål. Skal vi nå desse måla må ordninga med bymiljøavtalar utvidast til å gjelde fleire enn dei som ligg inne i NTP. Føreslåtte løyvingar i belønningsordninga/byvekstavtalane må utvidas slik at dei mellomstore byane også har moglegheit til å styrke kollektivtilbodet og legge til rette for sykkel og gange. Byvekstordninga må omfatte Ålesundsregionen, som er like stor eller større enn andre område som er inne i ordninga. Fylke som ikkje har bymiljøavtalar eller jernbane vert taparar i forhold til kollektivsatsinga i Norge.

9. Førebuing av regionreforma krev omstillingsmidlar i 2019

Det ligg an til at fylkeskommunen vil få fleire nye oppgåver frå 2020. Ei av dei som vil få størst administrative og personellmessige konsekvensar er overføringa av alle oppgåver knytt planlegging, utbygging, drift og vedlikehald til fylkesveier. Overføringa skal skje 1. januar 2020 eller seinast 1. januar 2021. Berre i Møre og Romsdal skal rundt 100 årsverk flyttast frå Statens vegvesen. Dette må planleggast og handterast på ein skikkeleg måte.

10. Regionale utviklingsmidlar er gode verktøy for nærings- og samfunnsutvikling i distrikta, desse må aukast heller enn kuttast

Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt kritisk til dei føreslegne kutta i regionale utviklingsmidlar. Desse kutta vil skape ulike konkurransevilkår, då dette virkemiddelet er tenkt brukt i dei områda og lokalsamfunna som har størst utfordringar med omsyn til verdiskaping og folketalsutvikling. Generelle tiltak er ikkje nok til å skape vekst her.

Dei føreslegne kutta vil sterkt svekke fylkeskommunen sin rolle som regional utviklar. Fylkeskommunen sin mulegheit til å arbeide saman med kommunar og næringsliv om til dømes tettstadutvikling, omstilling, næringsklynger og nye kompetansmiljø vil bli kraftig redusert. Dette vil svekke kommunane og næringslivet sine mulegheiter til å jobbe med nødvendig nyskaping, omstilling og attraktivitet.

Den reelle nedgangen i utviklingskapital kjem til å bli to til tre gongar større enn det kuttet som er foreslått i Statsbudsjettet. Dei regionale utviklingsmidlane er utløysande for innsats frå kommunar, næringsliv og frivillige.

11. Finansieringa av fagskolane må styrkast for å imøtekomme næringslivet sitt behov for oppdatert kompetanse

Fagskulane er særleg viktig for å rekruttere rett kompetanse til næringslivet i Møre og Romsdal. Fylkestinget har over fleire år vist til at fagskulane er underfinansiert og at dette rammer tilbod som kontinuerleg krev oppdatert utstyr og teknologi.

Når ein tek omsyn til venta løns- og prisvekst og at finansieringa av 24 plassar innan Helse og sosialfag ved Fagskolen i Kristiansund no ligg inne i dette netttilskotet, er finansiering omtrent uendra frå 2018 til 2019. Det betyr at Møre og Romsdal fylkeskommune sine fagskular framleis vil vere underfinansierte. Den nye finansieringsmodellen med 80 prosent på grunnkostnader og 20 prosent ut frå resultatbasert kriterium har ikkje endre på underfinansieringa av våre kostnadskrevjande maritime og tekniske tilbod.

12. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at det blir sett av midlar til det varsla integreringsløftet, og viser til fylkeskommunane sine moglegheiter i dette arbeidet

Fylkeskommunen har føresetnader til å ta ei koordinerande rolle i arbeidet med integrering av innvandrarar. Dette er eit samfunnsoppgåve der tverretatleg samarbeid er heilt nødvendig. Vi har nettverk og arenaer der vi kan samordne aktørar og verkemiddel frå offentleg sektor, arbeidslivet, kulturlivet og frivillige organisasjonar. Skal samordninga gi resultat krev det innsats og ressursar, og vi veit at tilskotsmidlar aukar motivasjonen for deltaking i nettverk og prosjekt. Fylkeskommunen har tidlegare nytta regionale utviklingsmiddel til integreringsarbeid i lokalesamfunna, men desse midla er no føreslått kutta.

Fylkeskommunen har gjennom ansvaret for vidaregåande opplæring ein stor moglegheit for å vere med å kvalifisere innvandrarar til vårt arbeidsliv. Dette gjeld både ungdom og vaksne. Behova og føresetnadene i gruppa er svært ulike og krev individuell tilpassing og ikkje minst samarbeid med andre aktørar som har ansvar for denne gruppa. Saman kan vi teste ut ulike modellar for tilrettelegging slik at dei klarer å fullføre vidaregåande opplæring.

Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at fylkeskommunane blir tilført nye ressursar til arbeid med minoritetsspråklege elevar og til samordning av den regionale innsatsen for kvalifisering og integrering av innvandrarar.

13. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det i Statsbudsjettet blir gjeve signal om framtidig husleigestøtte til Høgskulen i Molde på Campus Kristiansund.

Fylkeskommunen viser til det gode samarbeidet mellom Høgskulen i Molde, Kristiansund kommune, næringslivsaktørar på Nordmøre og fylkeskommunen for å etablere ei langsiktig løysing for kompetanse og utdanning på Nordmøre, gjennom Prosjekt Campus Kristiansund. Frå prosjektet vart skipa omkring påskea 2017 har ein gjennom dette samarbeidet fått på plass nye utdanningstilbod, forskingsprosjekt og starten på eit felles vekstmiljø for næringslivet, samt etablert viktige nettverk og felles arenaer. Fylkeskommunen er særns nøgd med at Regjeringa for 2017 og 2018 løyvde nye studieplassar til Høgskulen i Molde, øyremerka Kristiansund. Dette har bidrege sterkt til den gode utviklinga.

Det er no konkrete planar for eit Campusbygg på Devoldholmen i Kristiansund sentrum, der private aktørar står klar til å bygge bygget. For å halde oppe framdrifta i byggeprosjektet er det avgjerande at Høgskulen i Molde får eit signal om framtidig statleg støtte til å vere langsiktig leigetakar på campus. Fylkeskommunen viser i den samanheng til at Kunnskapsdepartementet i si tid gav ei slik støtte til Nord Universitet som leigetakar på Campus Helgeland, og at den støtta var utløysande for det prosjektet i Mo i Rana.

14. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det blir avsett planleggings-/prosjekteringsmidlar til nytt fengsel på Sunnmøre

Ålesund har i dag eit gammalt og lite hensiktsmessig fengsel, og dei 27 plassane er altfor få i høve til folketalet i regionen. Nytt soningssenter i Ålesundsregionen vil erstatte det gamle fengselet i Ålesund, og kapasiteten på eit nytt anlegg vil stå i høve til folketalet i regionen. Anlegget kan bli ein pilot for utprøving av samlokalisering og samhandling mellom Kriminalomsorgen og Friomsorgen. Nytt soningssenter i Ålesundsregionen vil vere i tråd med strategiane i Meld. St. 12 (2014-2015) «Utviklingsplan for kapasitet i kriminalomsorgen». Reiseavstandar og fordeling av busettinga i Møre og Romsdal krev at fylket har minst to moderne fengselsanlegg.

15. Sukkeravgifta på alkoholfrie drikkevarer er konkurransevridande, har inga faglig grunngjeving og bør fjernast

Avgifta som vart innført frå januar i år har fått dramatiske konsekvensar for fleire bedrifter, inkludert Oskar Sylte mineralvannfabrikk i Molde. I dag er det fem mineralvatnfabrikkar i heile Noreg. På det meste var det 16 – berre i Møre og Romsdal. Dette er ei næring som allereie har tøffe konkurransevilkår. Avgifta forverrar situasjonen då den motiverer til auka grensehandel og handel på nett.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tiltak for å få ned sukkerforbruket, men denne avgifta er ikkje noko treffsikkert verkemiddel i folkehelsearbeidet når den ikkje skil mellom sukker, søtningsstoff og smakstilsetning i vatn. Over 50 prosent av mineralvatn-salet i Noreg er sukkerfri brus, vi er i verdstoppen, ei utvikling som er støtta av bryggeribransjen. Da skal den ikkje straffast med sukkeravgift.

2.2 Frå Rogaland:

Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2019- programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk- foreløpige rammer.

Rogaland rammes hardt!

Regjeringen sitt forslag til Statsbudsjett for 2019 legger opp til at generelle virkemidler, som skattelette og samferdselstiltak, sammen med landsdekkende støtteordninger skal gi vekstkraft, likeverdige levekår og bærekraftige regioner i hele landet. De målrettede verktøyene i distrikts- og regionalpolitikken som de regionale utviklingsmidlene, er kraftig redusert.

Rogaland fikk i 2018 til sammen kr. 25,3 mill. under programkategori 13.50. I 2019 er det foreslått til sammen kr. 10,9 mill. Dette er en reduksjon på ca.60%. Her vises en oversikt over tildeling av regionale utviklingsmidler til Rogaland f.o.m år 2012.

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Framlagt 2019
34 660	34 660	22 557	22 059	19 780	27 520	25 300	10 900

Videre gis en kort orientering om hvilken betydning de foreslåtte reduksjoner får for gjennomføring av Handlingsprogram næring (HP Næring) i 2019 som i all hovedsak er finansiert av midler gitt over programkategori 13.50. Først litt om mål og rammer for 2019.

Mål og rammer for 2019

Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk er inndelt i to hovedmål: 1) Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distriktene, 2) Omstillingsdyktige regioner.

Hovedmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distriktene omfatter postene 550.62 og 550.64. (*distriktsmidlene*)

Post 550.62 er de bedriftsrettede låne- og tilskuddsordningene i distriktene (sone III- kommuner). Midlene overføres normalt til Innovasjon Norge gjennom oppdragsbrev fra fylkeskommunen.

I 2018 fikk Rogaland kr. 6,3 mill. til denne posten. I 2019 er foreslått kr. 5,9 mill.

Post 550.64 er midler som skal gå til inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn

Nytt av 2019 er at regjeringen nå foreslår at midler under denne posten kun skal gå til de 10 fylkeskommuner som har flest kommuner med distriktsutfordringer. Det blir argumentert med at man kun støtter 10 fylkeskommuner i 2019 da tildelingen er redusert.

I 2018 fikk Rogaland kr. 3 mill. til denne posten. I 2019 er det foreslått kr. 0 til denne posten.

Hovedmål 2: Omstillingsdyktige regioner, post 553.60 og 553.65 (regionen som helhet)

Post 553.60 er midler som skal gå til regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse.

I 2018 fikk Rogaland kr. 7 mill. I 2019 er foreslått kr. 2. mill.

Post 553.65 er midler som skal gå til omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet.

I 2018 fikk Rogaland kr. 9.mill. I 2019 er det foreslått kr. 3.mill.

Konsekvenser av de foreslåtte kuttene

- Større regionale satsinger som VRI, inkubatortilbudet i Rogaland, Lysefjorden Utvikling, Magma Geopark, Stavangerregionens europakontoret mfl. må vurderes for videre tilskudd.
- Mange av utviklingsprosjektene som fikk midler i 2018 og tidligere, og som er flerårige prosjekt vil måtte avsluttes i 2018 og kan med dette ikke videreføres.
- Utlysning av nye prosjekt i 2019 kan bli vanskelig å prioritere. I 2018 fikk 36 nye prosjekt støtte gjennom HP Næring.
- Den reelle nedgangen i utviklingskapital vil bli to til tre ganger større enn kuttet som er foreslått i Statsbudsjettet. De regionale utviklingsmidlene skal være utløsende for innsats fra kommuner, næringsliv og frivillige.
- Det årlige oppdragsbrevet til Innovasjon Norge, post 550.62 må reverseres, da midlene må brukes til prosjekter lagt til post 550.64. Fylkeskommunen har mulighet til å omdisponere mellom kap.550, post 62 og 64.
- Fylkeskommunen sin rolle som regional utviklingsaktør og samfunnsutvikler blir svekket.

Regionalt forskningsfond

I tillegg til en reduksjon i midler gitt over programkategori 13.50, foreslår Regjeringen et kutt i tildeling til Regionalt forskningsfond (RFF). Nedgangen er på om lag kr.27 mill. (fra kr. 210,6 mill.kr i 2018 til 183,3 mill. i 2019). For RFF Vestlandet er kuttet på kr. 4,128 mill.

Vedlegg: Skriv fra KMD: Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2019-programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk- førebels ramme.

Bekymringsfulle kutt i næringsutvikling

Betydelige kutt til blant annet næringsutvikling og forskningsfond i Rogaland skaper bekymring.

I forslaget til statsbudsjett for 2019 reduseres dette fra 25,3 millioner i 2018 til 10,9 millioner i 2019.

- Det er en reduksjon på cirka 60 prosent, en langt større nedgang enn for resten av landet. Det er skuffende og dramatisk for Rogaland, sier fylkesordfører Solveig Ege Tengesdal (Krf).

Rammer prosjekter

Midlene til Rogalands handlingsprogram for næring (HP Næring) kuttes betydelig. HP Næring er Rogaland fylkeskommunes verktøy for næringsutvikling og måloppnåelse knyttet til regionale strategiplaner.

- Denne reduksjonen innebærer at det ikke er tilstrekkelig med midler til de prosjektene vi allerede har lovet penger for 2019, sier Ege Tengesdal.

Det rammer prosjekter innen blant annet landbruk, energi og klima, akvakultur og reiseliv.

Reduksjon i forskningsfond

Også i midlene til regionale forskningsfond er det en stor nedgang. Kuttet er på 4,128 millioner for Vestlandet sett under ett.

- Dette vil bli tatt opp i møte med Rogalandsbenken i november der Statsbudsjettet er hovedtema. De siste månedene har vist en positiv utvikling i et fylke som har hatt store utfordringer de siste årene. Vi trenger å forsterke denne utviklingen og styrke omstillingsarbeidet som svært mange virksomheter er midt oppe i, sier fylkesordføreren.

Ingenting til regionreformen

Det kommer heller ingen midler til forberedelse av regionreformen fra 2020 via Statsbudsjettet for 2019.

- Det samsvarer ikke med det som har vært kommunisert fra regjeringen tidligere om at regionreformen skal gi betydelig utvidete oppgaver og ansvar for fylkene, sier Solveig Ege Tengesdal.

Noen konsekvenser av de foreslåtte kuttene:

- Større regionale satsinger som VRI (Virkemidler for regional FoU og innovasjon), inkubatortilbudet i Rogaland, Lysefjorden Utvikling, Magma Geopark, Stavangerregionens europakontoret må vurderes for videre tilskudd.
- Mange av utviklingsprosjektene som fikk midler i 2018 og tidligere, og som er flerårige prosjekt vil måtte avsluttes i 2018.
- Utlysning av nye prosjekt i 2019 kan måtte utgå. I 2018 fikk 36 nye prosjekter støtte gjennom HP Næring.
- Den reelle nedgangen i midler til utvikling vil bli to til tre ganger større enn kuttet som er foreslått i Statsbudsjettet siden disse midlene utløser innsats fra kommuner, næringsliv og frivillige.
- Innovasjon Norge kan miste støtte fra Rogaland fylkeskommune for 2019.
- Fylkeskommunen sin rolle som regional utviklingsaktør og samfunnsutvikler svekkes.

2.3 Frå Hordaland:

Forslag til uttale: Regionale utviklingsmidler

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i statsbudsjettet for 2019 varslet at fylkeskommunane får redusert rammene i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

Dei fire fylka i Vestlandsrådet har alle fått reduserte rammer for å drive distrikts- og regionalutvikling over tid, og i statsbudsjettet for 2019 er reduksjonen frå 2018 på:

Fylke	Ramme 2019	Ramme 2018	Endring frå 2018	Endring %
Rogaland	10,9	25,3	-14,4	-56,9
Hordaland	25,4	46,9	-21,5	-45,8
Sogn og Fjordane	39,1	53,9	-14,8	-27,5
Møre og Romsdal	30,8	58,8	-17,7	-30,1

Tabell 1: Regionale utviklingsmidlar til fylkeskommunane på Vestlandet i statsbudsjettet for 2019.

Dei regionale utviklingsmidlane har vorte redusert over tid i statsbudsjettet. Det er heller ikkje kompensert for desse nedtrekka i rammeoverføringane til fylkeskommunane.

Fylke	Ramme 2019	Ramme 2018	Endring frå 2018	Endring %
-------	------------	------------	------------------	-----------

Rogaland	5	19	-14	-73,7
Hordaland	3,6	23,6	-20	-84,7
Sogn og Fjordane	6,3	20,7	-14,4	-69,6
Møre og Romsdal	10,3	26,1	-15,8	-60,5

Tabell 2: Regionale utviklingsmidlar utan overføring til Innovasjon Norge (post 550.62)

Om vi held midlar som normalt vert tilført Innovasjon Norge utanfor reknestykket ser vi kva fylkeskommunane sit att med til regional utvikling og som dermed har avgjerd på regionalt folkevald nivå.

Det regionale folkevalgte nivå har eit særskilt ansvar for å utvikle samfunn i heile landet. Vestlandet har eit utgangspunkt for verdiskaping som skal legge grunnlag for velferd i heile Norge. Næringsutvikling på Vestlandet dreier seg om heilskapeleg samfunnsutvikling. Attraktive bustader med eit variert arbeids- og næringsliv skapar samfunn som er framtidretta og berekraftige. Gjennom dei regionale utviklingsmidlene har fylkeskommunane vore i stand til å styrke dei samfunna som skapar verdiar langs kysten og inne i fjordane.

Tilgangen på ressursar i havet og langs kysten er unik. For at Norge skal kunne nytte seg desse verdiane må vi ha livskraftige, verdiskapande og berekraftige lokalsamfunn. Dei regionale utviklingsmidlane skal vere eitt verkemiddel som skal bidra til at nasjonale mål om verdiskaping og utvikling vert nådd.

Vestlandsrådet ber Stortinget vere med på å bygge livskraftige samfunn langs heile den verdifulle norske kysten og oppmodar om å styrke regionale utviklingsmidler i statsbudsjettet for 2019.

2.4 Frå Sogn og Fjordane.

Høyringsnotat – Statsbudsjett 2019 i kommunal og forvaltningskomiteen

Høyringsnotatet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune peikar på vesentlege utfordringar for vår fylkeskommune som følgje av framlegg til Statsbudsjett for 2019 (Prop. 1 S 2018-2019). Fylkesordføraren forventar at Stortinget tek omsyn til innspela i sitt vidare arbeid med Statsbudsjettet for 2019.

Tapskompensasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk eit tap etter omlegging til nytt inntektssystem i 2015 på 2500 kr per innbyggjar. Ved full innføring av inntektssystemet gir dette eit årleg tap på vel 300 mill. kr. Utslaga for oss har vore uakseptable, og det har vore politisk akseptert at inntektssystemet har gjeve nokre urettmessige utslag som skal kompenseras særskilt.

Det har vore arbeid politisk kvart år for å trappa opp tapskompensasjonen i tråd med at dei statlege løyvingane til fylkeskommunen vert redusert. 2019 er siste året i denne opptrappinga for at fylkeskommunen skal få eit akseptabelt driftsnivå. Dersom tapskompensasjonen vert trappa opp i 2019, med 12,6 mill. kr, vert det samla årlege tapet redusert frå 199 mill. kr til 186 mill. kr. For å kunne tilby eit akseptabelt tenestenivå til innbyggjarane er det vesentleg at tapskompensasjonen vert auka også for 2019.

Regionale utviklingsmidlar

Nivået på KMD-midlane har vorte redusert vesentleg dei siste åra. Vår fylkeskommune har gått frå eit nivå på vel 100 mill. kr i 2011 til 39,1 mill. kr i framlegg til Statsbudsjett 2019. Den nominelle

reduksjon er på 14,8 mill. kr frå 2018, altså 27,5 %. Dei siste åra har også midlane knytt til differensiert arbeidsgjevaravgift blitt avvikla. Fylkeskommunen si rolle som samfunns- og utviklingsaktør har dei siste åra vorte svekka som følgje av reduserte løyvingar frå staten til desse føremåla.


Ein ytterlegare reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane i 2019 som regjeringa legg opp til, vil svekke vår langsiktige evne til å arbeide målretta med samfunns- og næringsutvikling. Dette er ikkje i samsvar med dei forventningar som sentrale styresmakter har til fylkeskommunane sin rolle som samfunnsutviklar.

Ferjeavløysingsordninga

I juni 2018 bad Stortinget regjeringa endre ferjeavløysingsordninga slik at også kapitalkostnadane ved ferjeavløysingsprosjekt kan dekkast av ordninga. I Statsbudsjettet tilrår regjeringa at dette vert følgt opp ved å dekke inntil 30% av rentekostnadane. Endringa er tenkt finansiert ved å halde det årlege beløpet til ferjeavløysingsmidlar fast, men auke tal år med utbetaling.

Endringa har liten effekt på finansieringssituasjonen i ferjeavløysingsprosjekt. Den lange horisonten for utbetaling av ferjeavløysingsmidlane gjer at ein rentekompensasjon utbetalt i slutten av denne perioden (om 20-40 år) gjev liten effekt. Skal ei slik utviding av ordninga ha effekt, må finansieringa av rentekostnadane kome i perioden kostnadane oppstår. Vi ser at dette gjev ei anna form for finansieringsutfordring for staten, men utvidinga slik den no ligg føre gjev auka kapitaltilgang 20-40 år fram i tid, og har lite å bety for sjølve gjennomføringa av prosjektet.

Dette kan illustrerast ved å sjå på behovet for fylkeskommunale driftsmidlar som følgje av ordninga på eit godkjent ferjeavløysingsprosjekt i Sogn og Fjordane – Atløysambandet:



Einaste effekt vi får av endringa i ordninga i finansieringsfasen er at vi kan forlenge attendebetalingstida på lånet med dei to åra vi kan forvente auka refusjon.

Eige fond for oppbygging av vegar etter naturskade

Stortinget må snarast opprette eit eige «naturskadefond» for utbetring av fylkesveganlegg og infrastruktur som følgje av ekstremvær og klimaendringar.

Sidan 2010 har 30 % av naturskadane på fylkesvegnettet skjedd i Sogn og Fjordane, og dette har påført fylket store kostnader. Dagens løysing der kommunar og fylkeskommunar får kompensasjon

for ekstraordinære utgifter er ikkje god nok. Ekstraordinære utgifter er utgifter utover normal drift og vedlikehald, og desse utgiftene kan gå utover andre oppgåver vi har ansvar for. Ekstremvær rammar tilfeldig og kan gi svært store skadar på fylkesvegnettet. Det gir fylka store ekstraavgifter, som er vanskelege å handtere. Vi har eit ferskt døme frå no i oktober, uvær og nedbør kombinert med snøsmelting øydela fleire vegar.

Staten bør dekke uføresette utgifter som oppstår på grunn av klimaendringar og ekstremvær, og som ikkje fell innanfor eksisterande ordningar. Dagens praksis med skjønstilskott gjer at staten berre kompenserer for deler av skaden, mellom 40 og 50 %. Det fører til at fylka som er mest utsette for naturskade, må bruke ein større del av rammene til å reparere, noko heller ikkje inntektssystemet tek høgde for.

Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

På bakgrunn av Vestlandsrådets drøftingar av statsbudsjettet for 2019 i møte 1. november 2018, blir sekretariatet gjeve fullmakt til å utarbeide ein felles uttale frå Vestlandsrådet til sentrale styresmakter.

Forslaget til uttale skal godkjennast av Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet og vere underteikna av leiaren.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann